

Sammendrag av pater Ellert Dahls foredrag under halvdagsseminaret i anledning jubileumsavslutningen 21. januar 2017.

Contemplata

Pater Ellert Dahl byrja sitt foredrag om dominikanarordenens framtid med temaet kontemplasjon, og viste til ordenens motto «*Contemplata aliis tradere*», altså dette å gje vidare dei fruktene ein tek i mot gjennom kontemplasjonen. Men, understreka han, ein må ikkje sjå kontemplasjon i eit slags nytteperspektiv.

«Man tror at kontemplasjonen er en slags forberedelse for forkynnelsen. Kontemplasjonen er etter min mening ikke en forberedelse på noe annet enn på kontemplasjonen. ... Vi kontemplerer (...) men aldri for å gjøre noe. Det er i seg selv en sluttet handling og en fordypende handling.»

Pater Ellert spurde kvar kontemplasjonen vert av i vår tid, og vedgjekk at han sjølv ofte let tankane vandre under stille bøn, og let seg distrahere av seg sjølv: «Jeg skulle ha gjort det og det, husket det, og så har jeg glemt noe, og nå kan jeg ikke huske hva det var jeg hadde glemt...»

Me vert mindre og mindre kontemplative, sa pater Dahl, men me må halde fast i det, for kontemplasjonen er brønnvatnet, kjelda som me ber i oss og med oss. Dominikus brukte sine netter i bøn, og Kristus sjølv er vårt store førebilete når han i nattetimane vender seg mot Faderen i kontemplasjon, og opnar seg for Faderens kjærleik der han hentar all si kraft og sitt ord. Dominikus fatta denne dimensjonen i truslivet, og vi treng dette i vår tid.

«Det er dette vertikale som går gjennom oss, og som vi dyrker sjeldent, og særlig ikke hvis vi har en mobiltelefon.»

Aliis tradere

Pater Ellert minna om at Dominikus alltid gjekk rundt med Matteus-Evangeliet på seg, og hadde djup innsikt i Skrifta. Han lyfte òg fram Augustin, «som kunne Skriften så utenat at han kunne spille på flere register samtidig. (...)

Middelalderen er jo uhyre mer komplisert enn vår verden, enkle mennesker som vi er.» Me bør kunne kjenne Bibelen som vi kjenner våre eigne liv, sa pater Ellert og formana til bibellesing som ein integrert del av våre liv. Kva skulle me forkynne om me ikkje hadde bibelen i oss sjølve, spurde han, og la til: «Men vi spiser litt restene... vi lapper litt sammen her og der, og håper ingen husker det

som ble sagt.» Pater Ellert peika soleis på Skrifta som det mest grunnleggande i våre kristne liv. Ordet som me skal gje vidare treng tid og rom slik at det får feste i oss og vert ei kjelde me skjenker vidare frå.

Kraftfull forkynning

Pater Ellert lyfte fram korleis me i Sankt Dominikus underviser i truslære og gjev innføring i trua gjennom året. Men, sa han, er det samstundes behov for å drøfte etiske og moralske spørsmål i vår tid. Dette er ein tematikk som folk tenkjer på og brytast med, sa pater Ellert, og foreslo ein foredragsserie som lyfter fram relevante moralspørsmål som folk interesserar seg for. Ein burde òg grunne over pavens skriv, som er gjennomtenkte og kraftfulle tekstar som er relevante for vår samtid.

Eit anna trekk i vår tid er pessimisme, der alt berre går feil veg, og alt stadig vert verre. Me lever i eit fryktsamt samfunn, og det har me gjort alt for lenge. Men me er kalla til å sjå moglegitene, og vere frimodige rotfest i Kristus, og late oss merke av tru på vegen vidare:

«Det kommer an på din holdning og ditt håp som kristen! ... Frykt om du vil. Men da tror jeg vår Herre sier: Jeg er Vårherre allikevel. Og dere skal arbeide med tro, håp og kjærlighet. Og det skal dere gjøre, fordi jeg er fremdeles den allmektige i denne verden!»

I inspirerande ordelag mala pater Ellert eit kraftfullt bilet av våre trusliv: Me skal ikkje leve i fortida eller drøyme om framtida. Vår Herre lever i nået, og det er her og nå me skal vere og virke. Gud kallar oss til å nytte tida til å lage ei menneskeleg verd medan me kan. Me skal ikkje tyngast av pessimisme, men sjå glede i Gud under alle tilhøve. Tenk på Stefanus, som midt i sin dødstime såg himmelen open og Kristi ljos stråle slik at hugen hans vart fylt av glede. Kristenlivet ber i seg håpet som skal utfalde seg i vår eiga samtid.

Med sin friske tone og klåre tankar gav pater Ellert oss ei retning og eit mål for dominikanaranes liv og virke, og avslutta med å sei: «Nå vil jeg ikke ha flere avisar. Nå vil jeg kontemplere litt.»